

Ådlandsvatnet



Jan Rabben



botnegras
bustsivaks
groftesoleie
gulldusk
kattehale
kysttjønnaks
myrklegg
myrsaulauk
småblærerot
småpiggnopp
soleigro
tjønngras
trådbregne
tusenblad
vanleg tjønnaks
vassmynte

SUMPLANTER

Planter som veks i og ved vatn, må vera førebudde på store og raske svingingar i levekåra. Dei må tola å liggja under vatn utan å drukna, og dei må kunna tørleggjast utan å gå til grunne. Mange sumpplanter er godt tilpassa slike endringar.

Fleire av dei sjeldnaste planteartane på Stord veks i eller ved ferskvatn. Artar som soleigro, bustsivaks og trådbregne finst her, men er uvanlege elles i Noreg. Dei



har svært lik utbreiing, og veks berre på Sør-Vestlandet nord til Sunnhordland. Dersom miljøet blir endra, kan dei lett forsvinna for alltid.

Ved ÅDLANDSVATNET finn vi desse tre artane på grunt vatn i nokre av buktene. Beste vokstervilkår er finkorna, litt mudrete botn, utan annan tettvaksten vegetasjon. Dei bukkar lett under i konkurranse. Med lita evne til å formeira seg kan dei lett bli fortrengde av andre. Det er i varme og tørre

somrar med låg vasstand at frøa gjerne får dei beste spiringsvilkåra.


Eit anna vatn i same området er Storavatnet. Her veks den karakteristiske takrøyren, eit to meter høgt gras som er lett å få auga på. Takrøyren veks tett og nokså langt ut i vatnet. Flaskestorr og elvesnelle er to meir vanlege sumpplanter som veks i eit belte langs stranda i dei fleste ferskvatna på sørlege delar av Stord.

BESTE FISKEVATNET I STORD


Laksen og sjøauren i ÅDLANDSVASSDRAGET har vore hausta gjennom hundreår, og det beiter seg at soknepresten skal ha klaga over at fiskeretten gjekk tapt då prestegarden vart flytta frå Nedre Ådland til Tyse i 1648. Sidan den tid er det bygd dam til sag, mølle og sjoddy-fabrikk nedanfor Sevholen. Dette stengde for fiskeoppgangen, inntil det vart bygd ei fisketrapp over dammen i 1959. Fisket etter laks og sjøaure tok seg opp att, men har minka att det siste tiåret som dei fleste andre stader. Ferskvassaturen er det viktigaste fiskeslaget i Ådlandsvatnet. Elles er her godt med ål og trepigga stingsild, og nippigga stingsild finst berre her i heile Hordaland. Vatnet blir rekna som det beste fiskevatnet i Stord kommune. Med fine turstigar rundt vatnet er området òg mykje nytta til rekreasjon.

På Stord har det òg funnest åbor og gjedde. Åboren vart oppdaga i Stokkatjødno i 1989 etter ei ulovleg utsetjing, men er utrydda med rotenon. I Storavatnet har det vore sett ut gjedde. Ho er seinare utrydda ved oppfisking.

Vakker og sjeldsynt: Soleigro veks berre i tre område i Noreg: på Stord, Tysnes og Jæren. (Jan Rabben)



Torvlibelle i Iglatjødno.
(Stig Tromvold)



Bustsivaks - eit ørlite og sjeldsynt strå -
veks på sandgrunn. (Bjørn Moe)



Jan Rabben